



## Notat

Dato: 15.04.2016  
Arkivsak: 2016/4166-1  
Saksbehandlar: rolrose

---

Til: Utvalet for miljø og samferdsel

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Arna-Bergen. Takstsamarbeid med NSB**

I budsjettet for 2016 vart det lagt inn 10 mill kr til kompensasjon for innføring av eins takst Arna-Bergen. På bakgrunn av dette starta administrasjonen forhandlingar med NSB for å få på plass ein avtale. Etter ei tid terminerte NSB forhandlingane.

Fylkesrådmannen er no gjort kjent med at samferdselsdepartementet i brev av 29.03.2016 til NSB opplyser om at departementet vil ta over NSB sin koordineringsrolle mot lokale og regionale styresmakter kva gjeld takstsamarbeidsavtalar. Departementet vil snart gå i dialog med Rogaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen er kjent med at NSB har opplyst til departementet at dette er ein aktuell problemstilling i Hordaland.